

## Referat frå soknerådsmøte i Lunde og Flåbygd sokn. Dato torsdag 23/11-23

Til stades: Carina Syvertsen, Stian Holte, Marie Helene Nordli, Hilde Roksund, Katrine Burmester, Gunhild Sofie Rønningen, Ragnhild Halden.

Fråfall: Nils Steinar Stavsholt

**Sak 1.** Godkjenning av innkalling. Ok

**Sak 2.** Konstituering av Lunde og Flåbygd sokneråd:

Medlemmer: Prest Ragnhild Halden. Valte medlemmer: Stian Holte, Nils Steinar Stavsholt, Katrine Burmester, Carina Syvertsen, Hilde Roksund, Gunhild Sofie Halsvik Rønningen, 1. vara: Marie Helene Førland Nordli. 2.vara Inger Synnøve Røddesnes. 3. vara: Jostein Vetland. 4 vara: Guri Tremyr. 5. vara: Eilef Sunde

Leiar: Stian Holte

Nestleiar: Katrine Burmester

Sekretær: Marie Helene Nordli

Kasserar: Mona Halsvik (kyrkjeverge, men er ikkje med i soknerådet).

Representantar til fellesrådet.

Representant 1: Nils Steinar Stavsholt. Vara Carina Syvertsen.

Representant 2: Stian Holte. Vara Katrine Burmester.

**Sak 3.** Avklare møtetidspunkt vidare: Vedtatt. I utgangspunktet er det sat opp 9 møter for 2024 på Solhaug, onsdagar mellom kl. 17-19. Kan komme endringar eller behov for møter utover oppsett plan.

Dag	Dato	Klokkeslett	Stad	merknader		
Onsdag	17/1	17.00-19.00	Solhaug/Lundetunet			
Onsdag	28/2	17.00-19.00	Solhaug/Lundetunet			
Onsdag	3/4	17.00-19.00	Solhaug/Lundetunet			
Onsdag	15/5	17.00-19.00	Solhaug/Lundetunet			
Onsdag	12/6	17.00-19.00	Solhaug/Lundetunet			
Onsdag	28/8	17.00-19.00	Solhaug/Lundetunet			
Onsdag	25/9	17.00-19.00	Solhaug/Lundetunet			
Onsdag	30/10	17.00-19.00	Solhaug/Lundetunet			
Onsdag	27/11	17.00-19.00	Solhaug/Lundetunet			

**Sak 4.** Behov for kyrkjevertar: Marie, Hilde, og Stian stiller seg tilgjengelege som kyrkjevertar. Carina tar også ansvar for å høyre med dei andre som stilte til soknerådsval i år om dei kan tenke seg denne rolla, som for det meste består av å dele ut program, ynskje velkommen, samt ansvar for kaffi/kake servering like etter gudstenesta (Til info. Dette er inneber ikkje rolle som klokkar). Stian spør organisten om me kan kontakte minigospelforeldre ang same behov, f.eks. ved familiegudstenester.

**Sak 5.** Plan for offerformål: Framlagt plan vart vedtatt.

### Offerliste 2024

- Vi har rundt 50 gudstjenester pr år. På noen av disse er det ikke naturlig med offer. (Det gjelder bl.a. utegudstjenester, minnegudstjeneste og gudstjenester på Nome sjukeheim/Bjervatun). Ved ekstra gudstjenester med offer utover det som er satt opp, vil det i så tilfelle være naturlig med offer til eget kyrkjelydsarbeid.

10 offer til kyrkjelydsarbeidet (generelt)

10 offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt

10 offer til kyrkjelydens arbeid med trosopplæring

3 offer til Solhaug

Til sammen 32 offersøndager til «eget» arbeid.

#### Indremisjonsarbeid

- Normisjon
- Frelsesarmeen

#### Barne- og ungdomsarbeid

- Acta — Normisjon

#### Ytremisjon

- Misjonssambandet
- Det norske misjonsselskap
- Stefanusalliansen
- Tv-aksjon

Til sammen 12 offersøndager til «eksternt» arbeid.

#### Diakonale institusjoner

- Kirkens nødhjelp x2 (Julaften i Lunde og Flåbygd) o Kirkens Nødhjelps fasteaksjon
- Kirkens SOS

**Sak 6. Økonomi:** Informasjon utdelt pr e-post. Håpar å få kasserer Mona til å orientere oss i møtet 17/1-24.

**Sak 7.** Gåve til Solhaugbasar. Vedtatt gåve fra Lunde og Flåbygd sokneråd til Solhaug menighetshus på kr. 1000,- til innkjøp av premie i samband med basar 24/1-23

**Sak 8.** Trusopplærer ynskjer ikkje ansvaret for Fidus frå nyttår. Kva vidare? Trusopplærarstillinga er delt i to der 30% er trusopplærer finansiert av fellesrådet, og 20% er ungdomsarbeidar finansiert og underlagt Lunde og Flåbygd sokneråd, der Mona Halsvik varetek den daglege leiinga for denne stillinga. Cathrine Rønneberg har sagt opp sin stilling med verknad frå 1/1-24. Me takkar henne for innsatsen. I hennar fødselspermisjon fungerer Heidi G. Holth som vikar. Heidi har signalisert at ho frå nyttår ikkje lenger kan ha ansvar for Fidus (som er ungdomsarbeidardelen av dei to stillingane) grunna for mykje helgejobbing totalt. Heidi seier ho kan fortsette med supertorsdag fram til sommaren 2024. Spørsmålet frå kyrkjeverge Halsvik er då om

A: Soknerådet kan vurdere om dei vil prøve å vidareføre Fidus med rundt 8-9 fredagskveldar våren 2024

B: soknerådet kan innstille på utlysing av stillinga slik den er i dag.

Ang A: Gunhild Sofie er godt kjend med gjennomføring av Fiduskveldar, og innstilt på å bidra vidare for våren 2024. I tillegg så er Carina innstilt på å bidra til dette. Dette er også Katrine og Hilde, samt Stian. Frå før har Heidi og Jostein Vetland vore gode ressurspersonar som me håpar kan fortsette. Det har blitt kalla ut 3 rullerande foreldre til konfirmantar og dette har fungert. Kan me innhente inntekt/ressursar frå andre sokn? Det har siste tid vore svært populært med Fidus, og opp mot 80 ungdommar på Fidus enkelte kveldar. Både frå Lunde, Ulefoss, Bø og Seljord. Tryggleiken med

ungdommane må prioriterast. Det bør vere ein ansvarleg for prosjektet. Carina tar initiativ til innkalling til eit møte i gruppa fortrinnsvis seinast tidleg i desember

B: Då det dukka opp spørsmål om me har nok inntekter som kan forsvare ny utlysing, er det ynskje om ein gjennomgang får Mona Hasvik på januarmøtet vårt før me endeleg vedtar dette. Håpar dette kan vere tidsnok med tanke på tenkt tilsetting seinsommaren 2024.

**Sak 9.** Kort tankeutveksling om den kommande 4 års-perioden i soknerådet. Kva vil me? Kor mykje ynskjer me og legge i det? Kva kan me bidra med?

Kom opp ynskje om å skape møteplassar på tvers av generasjonar, og at me samtaler om mandat og roller, mellom anna sett i samanheng med staben i kyrkja. Ynskjer me å talfeste mål på kva me får til? Me landar dette meir på dei første møta på nyåret.

**Sak 10.** Infosaker: Joletefest Solhaug 7/1 som me har ansvar for. Ber alle soknerådsmedlemmer halde av denne dagen. Kan hende me og spør varamedlemmer om hjelp. Katrine B. har ansvar for denne dagen.

Informasjon om høve for kveldsmatgudstenester, og endringar i Lunde kyrkje vert tatt på neste møte.

**Sak 11.** Eventuelt:

Taushetserklæring er underskriven av medlemmene på møtet. Alle faste og vara må skrive under.

Ynskje frå blomsterjubilantansvarleg Carina Syvertsen om høve til å samle blomsterutdeling til inntil ein gong i månaden for og forenkle arbeidet. Soknerådet vedtok dette.

Kyrkjevertar joleftan vert Katrine i Flåbygd kl. 14, og Stian i Lunde kl. 16. Truleg behov for ein til. Stian skaffar i så fall dette for Lunde og Katrine vurderer for Flåbygd

Saker til dei nærmaste soknerådsmøta: Informasjon om ønsket og elsket, Orientering om ungdomsarbeidarstilling og økonomi ved Mona Halsvik, Aktivitetsdag Solhaug, Allsong på slusa, kyrkjelydsbladet.

Skrivar Stian Holte, 24/11-23